



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Møterom «Dalsfjorden», 1. etg., Rådhuset
Dato: 18.04.2017
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Åshild Vik	AP
Annlaug Stokke	Lina Marie Bjørkedal	MDG
Lars Peder Barstad	Sindre Kvangarsnes	FRP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Børild Skåra	Rådgjevar, landbrukskontoret Ørsta Volda
Dorota Wazna	Konsulent, landbrukskontoret Ørsta Volda

Det var ni røysteføre til stades i møtet.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 24/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 25/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 26/17 OS 3/17	ORIENTERINGSSAK Landbruksmelding for Møre og Romsdal - invitasjon til høyring
PS 27/17	1519 gbr 161/3 - søknad om godkjenning av plan for nydyrking, Ronny Torvik
PS 28/17	1519 Gbr 28/1 - søknad om godkjenning av plan for nydyrking - Trond Klepp
PS 29/17	Strategiplan for økonomiske verkemiddel i landbruket 2017 - 2020 for Volda
PS 30/17	Gbr 10/7 - sal av landbruksareal - Kleiva 32. Dispensasjon frå jordlova og kommuneplan
PS 31/17	Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte - dispensasjon frå plan
PS 32/17	Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring- dispensasjon frå plankrav
PS 33/17	Gbr 18/285 Oppføring av tomannsbustad - Engeset/Klepp. Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan i høve utnyttingsgrad
PS 34/17	Gbr 30/1 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå plankrav

PS 24/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til innkalling og sakliste.

Dokument utdelt på møtet:

Brev av 17.04.17 frå Olaug Åsheim m.fl. i høve sak PS 30/17



PS 25/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 14.03.17 vart samrøystes godkjent.

PS 26/17 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssaka.

OS 3/17 Landbruksmelding for Møre og Romsdal - innvtasjon til høyring

PS 27/17 1519 gbr 161/3 - søknad om godkjenning av plan for nydyrking, Ronny Torvik

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 vert det gjort følgjande vedtak:

Landbruksnemnda vedtek at Ronny Torvik får løyve til å fulldyrke 2,5 daa på eigedomen gnr 161 bnr 3 i Volda. Tiltaket skal utførast i samsvar med søknaden dagsett 20.01.2017, og forskrift for nydyrking. Formålet er å betre arronderinga til dyrka areal på eigedomen.

Vilkår:

Ein føreset slutføring i løpet av 3 år etter oppstart.

Ved eventuelle kulturminnefunn pliktar ein å kontakte kulturmynde

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 vert det gjort følgjande vedtak:



VOLDA KOMMUNE

Landbruksnemnda vedtek at Ronny Torvik får løyve til å fulldyrke 2,5 daa på eigedomen gnr 161 bnr 3 i Volda. Tiltaket skal utførast i samsvar med søknaden dagsett 20.01.2017, og forskrift for nydyrking. Formålet er å betre arronderinga til dyrka areal på eigedomen.

Vilkår:

Ein føreset slutføring i løpet av 3 år etter oppstart.

Ved eventuelle kulturminnefunn pliktar ein å kontakte kulturmynde

PS 28/17 1519 Gbr 28/1 - søknad om godkjenning av plan for nydyrking - Trond Klepp

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 vert det gjort følgjande vedtak:

Forvaltningsutvalet vedtek at Trond Klepp får løyve til å fulldyrke 6,7 daa på eigedomen gnr 28 bnr 1 i Volda, og tilføre masse på 3 daa eldre dyrka jord. Tiltaket skal utførast i samsvar med forskrift for nydyrking. Formålet er å betre arealressursane til bruket.

Vilkår:

- *Areal som er naturområde i kommuneplanen kan ikkje dyrkast. Godkjent areal er difor avgrensa til 6,7 daa. Sjå kart i saksutgreiinga.*
- *Berre reine massar kan tilførast og desse må leggjast ut slik at ein får god jordbruksjord i etterkant. Matjordlaget skal skavast av og leggjast attende på topp.*
- *Eldre dyrka areal på 3 daa kan maksimalt få tilført eit 0,5 m høgt lag med masse.*
- *Ved eventuelle kulturminnefunn pliktar ein å kontakte kulturmynde*
- *Ein føreset slutføring i løpet av 3 år etter oppstart.*

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 vert det gjort følgjande vedtak:

Forvaltningsutvalet vedtek at Trond Klepp får løyve til å fulldyrke 6,7 daa på eigedomen gnr 28 bnr 1 i Volda, og tilføre masse på 3 daa eldre dyrka jord. Tiltaket skal utførast i samsvar med forskrift for nydyrking. Formålet er å betre arealressursane til bruket.

Vilkår:

- *Areal som er naturområde i kommuneplanen kan ikkje dyrkast. Godkjent areal er difor avgrensa til 6,7 daa. Sjå kart i saksutgreiinga.*
- *Berre reine massar kan tilførast og desse må leggjast ut slik at ein får god jordbruksjord i etterkant. Matjordlaget skal skavast av og leggjast attende på topp.*



VOLDA KOMMUNE

- *Eldre dyrka areal på 3 daa kan maksimalt få tilført eit 0,5 m høgt lag med masse.*
- *Ved eventuelle kulturminnefunn pliktar ein å kontakte kulturmynde*
- *Ein føreset slutføring i løpet av 3 år etter oppstart.*

PS 29/17 Strategiplan for økonomiske verkemiddel i landbruket 2017 - 2020 for Volda

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Med heimel i § 1 i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, fastsett 04.02.04; og § 3 i forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, fastsett 04.02.04 godkjenner Forvaltningsutvalet framlegg til:

”Volda kommune - Strategiplan for økonomiske verkemiddel i landbruket 2017 – 2020”,

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i § 1 i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, fastsett 04.02.04; og § 3 i forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, fastsett 04.02.04 godkjenner Forvaltningsutvalet framlegg til:

”Volda kommune - Strategiplan for økonomiske verkemiddel i landbruket 2017 – 2020”,

PS 30/17 Gbr 10/7 - sal av landbruksareal - Kleiva 32. Dispensasjon frå jordlova og kommuneplan

Handsaming:

Brev av 17.04.17 frå Olaug Åsheim m.fl. vart utdelt på møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Forvaltningsutvalet viser til gjeldande kommuneplan, der store deler av dyrkamarka på både gnr 9/2 og 10/7 er lagt ut til LNF- sone B med høve til spreidd bustadutbygging, og det faktum at det ikkje er sjølvstendig drift på nokon av dei aktuelle eigedomane i dag, og finn ut frå dette å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan og frå jordlova for deling som omsøkt. Forvaltningsutvalet viser elles til at delinga ikkje endrar arealbruken i området. Omsyn til busetnad og at nye eigarar har intensjon om å oppretthalde vernet av arealressursane talar og for å kunne tilrå deling som omsøkt.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til gjeldande kommuneplan, der store deler av dyrkamarka på både gnr 9/2 og 10/7 er lagt ut til LNF- sone B med høve til spreidd bustadutbygging, og det faktum at det ikkje er sjølvstendig drift på nokon av dei aktuelle eigedomane i dag, og finn ut frå dette å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan og frå jordlova for deling som omsøkt. Forvaltningsutvalet viser elles til at delinga ikkje endrar arealbruken i området. Omsyn til busetnad og at nye eigarar har intensjon om å oppretthalde vernet av arealressursane talar og for å kunne tilrå deling som omsøkt.

PS 31/17 Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte - dispensasjon frå plan

Handsaming:

Øyvind Festø, MDG, kom med fylgjande tilleggsframlegg som pkt. 3:

- 3. Med heimel i forvaltningslova § 42 vert det gitt utsettande verknad av byggjeløyvet til klagefristen er ute.*

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen med tillegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

- 1. Forvaltningsutvalet viser til grunngjeving i søknad og vurdering i saksutgreiinga og finn ut frå ei samla vurdering å kunne gje dispensasjon frå byggegrense/utnyttingsgrad i reguleringsplan Berknes Nord, planID 1994012, slik det går fram av søknad datert 9.01.2017. Forvaltningsutvalet finn at fordelane ved auka utnytting er klart større enn moglege ulemper som denne auken i utnyttingsgrad vil kunne ha i høve til nabointeresser og sett i høve til intensjon i plan.*
- 2. Med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter, vert søknaden om løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad, godkjend. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:*



VOLDA KOMMUNE

*Situasjonsplan, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 9.01.2017.
Plan-, snitt- og fasadeteikningar, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke
9.01.2017.*

Det vert sett følgjande vilkår i saka:

*Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert plassert i samsvar med dette
løyvet. Dersom tiltakshavar ikkje har naudsynt kompetanse, må utstikking verte
utført av fagkyndige.*

Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.

*Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels
bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.*

- 3. Med heimel i forvaltningslova § 42 vert det gitt utsettande verknad av byggjeløyvet til
klagefristen er ute.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til grunngjeving i søknad og vurdering i saksutgreiinga og finn
ut frå ei samla vurdering å kunne gje dispensasjon frå byggegrense/utnyttingsgrad i
reguleringsplan Berknes Nord, planID 1994012, slik det går fram av søknad datert
9.01.2017.*

*Forvaltningsutvalet finn at fordelane ved auka utnytting er klart større enn mogelege
ulemper som denne auken i utnyttingsgrad vil kunne ha i høve til nabointeresser og sett i
høve til intensjon i plan.*

- 2. Med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter,
vedtekter, vert søknaden om løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad, godkjend.
Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:*

Situasjonsplan, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 9.01.2017.

*Plan-, snitt- og fasadeteikningar, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke
9.01.2017.*

Det vert sett følgjande vilkår i saka:

*Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert plassert i samsvar med dette
løyvet. Dersom tiltakshavar ikkje har naudsynt kompetanse, må utstikking verte
utført av fagkyndige.*

Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.

*Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels
bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.*



PS 32/17 Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring- dispensasjon frå plankrav

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

- 1. Forvaltningsutvalet finn ikkje at omsyna bak plankravet eller omsyna i plan og bygningslova blir vesentlig sett til side ved godkjenning av omsøkte tiltak. Forvaltningsutvalet finn også at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene etter en samla vurdering. Forvaltningsstyret finn såleis ikkje at omsøkte tiltak i vesentleg grad vil ha verknad for framtidig planlegging i området og gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå plankrav, nedfelt i føresegner til kommunedelplan Volda sentrum, planID 2007010, for oppføring av tilbygg til bustadhus på eigedomen gnr 17 bnr 49 i samsvar med søknad datert 29.012.2016.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå byggegrense mot E39, for oppføring av utkraga tilbygg i avstand inn til 11.6m frå senterlinje veg i samsvar med søknad.*
- 3. Forvaltningsstyret godkjenner utnyttingsgrad for utbygging på eigedomen med inntil 26.6% i samsvar med søknad.*
- 4. Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår: Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak."*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet finn ikkje at omsyna bak plankravet eller omsyna i plan og bygningslova blir vesentlig sett til side ved godkjenning av omsøkte tiltak. Forvaltningsutvalet finn også at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene etter en samla vurdering. Forvaltningsstyret finn såleis ikkje at omsøkte tiltak i vesentleg grad vil ha verknad for framtidig planlegging i området og gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå plankrav, nedfelt i føresegner til kommunedelplan Volda sentrum, planID 2007010, for oppføring av tilbygg til bustadhus på eigedomen gnr 17 bnr 49 i samsvar med søknad datert 29.012.2016.*
- 2. Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå byggegrense mot E39, for oppføring av utkraga tilbygg i avstand inn til 11.6m frå senterlinje veg i samsvar med søknad.*



3. Forvaltningsstyret godkjenner utnyttingsgrad for utbygging på eigedomen med inntil 26.6% i samsvar med søknad.
4. Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår:
Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak."

PS 33/17 Gbr 18/285 Oppføring av tomannsbustad - Engeset/Klepp. Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan i høve utnyttingsgrad

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Busetnaden langs Gamletunvegen er i all hovudsak prega av frittliggjande einebustader. Planlagt tomannsbustad vil såleis skilje seg frå øvrig bebyggelse i området høgdemessig og huset vil også bli liggjande lenger fram på tomta enn bygningane på nabotomtene. Forvaltningsutvalet finn ut frå dette at omsøkt utbygging, og dispensasjon for auka utnytting slik søkt om, gir ei utbygging som avvik frå utbygginga elles i område, og som gjer auka ulemper for nabo, sett i høve til ei utbygging med volum/byggutforming innanfor gjeldande utnyttingsgrad i plan. Forvaltningsstyret finn såleis ut frå ei samla vurdering at ulempene ved omsøkte tiltak er større enn fordelane ved eventuell godkjenning av søknaden. Søknad om dispensasjon vert såleis avslått.

Administrasjonen si tilråding:

Busetnaden langs Gamletunvegen er i all hovudsak prega av frittliggjande einebustader. Planlagt tomannsbustad vil såleis skilje seg frå øvrig bebyggelse i området høgdemessig og huset vil også bli liggjande lenger fram på tomta enn bygningane på nabotomtene. Forvaltningsutvalet finn ut frå dette at omsøkt utbygging, og dispensasjon for auka utnytting slik søkt om, gir ei utbygging som avvik frå utbygginga elles i område, og som gjer auka ulemper for nabo, sett i høve til ei utbygging med volum/byggutforming innanfor gjeldande utnyttingsgrad i plan. Forvaltningsstyret finn såleis ut frå ei samla vurdering at ulempene ved omsøkte tiltak er større enn fordelane ved eventuell godkjenning av søknaden. Søknad om dispensasjon vert såleis avslått.



VOLDA KOMMUNE

PS 34/17 Gbr 30/1 Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå plankrav

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 18.04.2017

Med grunnlag i gjeldande plan og intensjon i kommuneplan om å ivareta snarveggar i bustadområda, finn ein ikkje å kunne gje dispensasjon frå plan for deling av eigedom slik søkt om.

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i gjeldande plan og intensjon i kommuneplan om å ivareta snarveggar i bustadområda, finn ein ikkje å kunne gje dispensasjon frå plan for deling av eigedom slik søkt om.

Møtet slutt kl. 14:00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18.04.2017

Unni Strand
sekr.